

**Notat**

Dato: 07.06.2019
Arkivsak: 2019/11599-2
Saksbehandlar: torrtl

Til: Fellesnemnda

Frå: Prosjektleiar


Samfunnsoppdrag, visjon og verdiar for Vestland fylkeskommune

Bakgrunn

Ein viser til orienteringar gitt i fellesnemnda 13. mars og seinast 23. mai 2019.

Prosjekt «Felles organisasjonskultur; samfunnsoppdrag, visjon og verdiar for Vestland fylkeskommune» har vore i arbeid sidan primo januar 2019. Føremålet med arbeidet er å skape grunnlag for bygging av ein felles organisasjonskultur i den nye organisasjonen. Felles samfunnsoppdrag, visjon og verdiar er viktige verktøy for langsigktig bygging av organisasjonskultur og utvikling av leiarar og medarbeidrarar. Dei gir òg eit overordna grunnlag for strategiutvikling, planarbeid, anbodsprosessar og rekruttering og vert retningsgjevande for det daglege arbeidet i fylkeskommunen.

Gjennom heile prosessen har det vore viktig å sikre brei og god involvering internt og eksternt, for å få fram eit best mogleg grunnlag for val av samfunnsoppdrag, visjon og verdiar. Dette har omfatta workshop-samlingar, spørjeundersøkingar og dialogmøte med interne og eksterne interessentgrupper. Eit omfattande materiale er samla inn og analysert gjennom dette arbeidet.



Bilete 1: Oversikt over involvering

Prosjekteigar	Rune Haugsdal, prosjektleiar VLFK
Styringsgruppe	Ny toppleiargruppe for VLFK
Prosjektleiar	Ingrid K. Holm Svendsen, kst. fylkesrådmann HFK
Prosjektkoordinator	Arild Sondre Sekse, sen. rådgjevar, HR/HFK
Medlemer	Jan Erik Weinbach, rådgjevar HR/SFFK, Agnete Kaldestad, overtannlege HFK, Tor Einar Skinlo, ass. opplæringsdirektør, SFFK.
Fagleg samarbeidspartner	John Wikström og Lisa Rolfsnes, PwC



BARRETS - VERDIUNDERSØKING

2842 personar svara på spørjeundersøking om verdiar

Totalt frå Hordaland: 2078

Totalt frå Sogn og Fjordane: 764

1960 tilsette

- Hordaland fylkeskommune: 1473
- Sogn og fjordane fylkeskommune: 487

814 innbyggjarar

- Hordaland: 554
- Sogn og Fjordane: 260

68 fra fylkestinget, fylkeseldrerådet, RMNF og UFU

- Hordaland: 51
- Sogn og Fjordane: 17



Bilete 2: Oversikt verdiundersøking


Verdiundersøkinga blei sendt ut til alle tilsette, eit utval innbyggjarar i begge fylke, fylkestinga, ungdommens fylkesutval, fylkeseldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF). Her fekk ein spørsmål om kva for verdiar som er viktige for kvar enkelt personleg, opplevinga av kultur i dagens fylkeskommunar og ønska framtidig kultur for Vestland fylkeskommune. Verdiundersøkinga gjer det mogleg å sjå korleis noverande kultur i fylkeskommunane vert oppfatta, kva ein ønskjer at den framtidige kulturen skal vere prega av, og å sjå likskap/ulikskap mellom interessentgruppene.

Prosjektleiar Rune Haugsdal og heile den nye toppleiargruppa for VLFK hadde i perioden april–juni tre arbeidssamlingar. Dette resulterte i to alternative framlegg i fellesnemnda sitt møte 23. mai.

Fellesnemnda gav gode og konstruktive tilbakemeldingar til forslaga. Likeeins vart forslaga drøfta internt på utvida leiarsamling i Førde 2. juni og samling med alle hovudtillitsvalde og fylkeshovudverneombod i Balestrand 5. juni.

Innspel frå alle tre nemnde fora er teke til følgje i dette endelege forslaget frå prosjektleiar:

Samfunnsoppdrag, visjon og verdiar for Vestland fylkeskommune



Bilete 3: Prosjektleiar sitt forslag til fellesnemnda 18.06.2019

Samfunnsoppdrag:

Vi set retning, engasjerer og samhandlar for å utvikle gode tenester og eit framtidsretta Vestland

Visjon:

Nyskapande og berekraftig

Verdiar:

Kompetent – Open - Modig

Viss fellesnemnda og/ eller det nye fylkestinget vil gjere vedtak om samfunnsoppdrag, visjon og verdiar, kan meldinga gjerast om til sak.